
Saksnr: 2022/97554-17
Saksbehandlar: Elin Holmevik Løkkebø

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Trafikktryggingsutvalet		07.03.2024

Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak
Forslag til vedtak

1. Tilskot frå ordninga for fysiske trafikktryggingstiltak vert fordelt til desse tiltaka:

Kommune	Omtale	Tildeling (kr)
Askøy	Rekkverk, Skjelvikvegen, kv.	330 000
Askøy	Hjartesone, Træet skule.	125 000
Austrheim	Fortau og veglys, Førland, fv.5502	1 000 000
Bjørnafjorden	Skilt og forsterka belysning, Idrettsvegen, kv.	150 000
Bjørnafjorden	Gangfelt og skilt, Stallabrotvegen og Brakabygda, kv.	20 000
Bremanger	Snarveg Langeneset.	150 000
Bømlo	Veglys, Svortland, fv. 542	200 000
Gloppen	Veglys, Moavegen, kv.	150 000
Gloppen	Veglys, Vereide, kv.	40 000
Gulen	G/S-veg Byrknes, kv.	646 900
Kinn	Rekkverk, Klauvane, kv.	161 000
Kinn	Rekkverk, Standalsvegen, kv.	290 000
Kvinnherad	Belysning overgang G/S-veg, Rosendal bru, kv.	50 000
Luster	Veglys, Kjos, kv.	530 000
Masfjorden	Støypekant Vågset, kv.	320 500
Osterøy	Rekkverk, Åsgardane, kv.	544 962
Sogndal	Hjartesone, Norane oppvekstsenter, kv.	400 000
Sogndal	Gangsti og fotgjengarfelt, Trolladalen og Dalavegen, kv.	250 000
Stad	Rekkverk, Ervikvegen, kv.	300 000
Stad	Rekkverk, Rindevegen, kv.	75 000
Stad	Rekkverk, Hennevegen, kv.	75 000
Stad	Rekkverk, Heggedalsvegen, kv.	98 000
Sunnfjord	Rekkverk, Orkjavegen, kv.	600 000
Ullensvang	Rekkverk, Hordatunvegen, kv.	150 000
Ullensvang	Rekkverk, Røldal, kv.	99 000
Ullensvang	Rekkverk, Brattespevegen, kv.	60 000
Vaksdal	Veglys, Stamnesvegen og Straume, kv.	700 000
Voss herad	Fortau, fv. 559 Hardangervegen – Brynalii, kv.	1 000 000
SUM		8 515 362

Samandrag

Til tildelinga frå tilskotsordninga for fysiske trafikktryggingstiltak 2024 har det kome inn 65 søknadar frå 22 av fylkets 43 kommunar. Søknadssummen er på om lag 46,4 mill. kr. Nokre kommunar har søkt om tilskot over ramma på 1 million kroner, og dermed er søknadssummen høgare enn føregåande år. Tilskotsramma er på 8,515 mill. kr. Alle tiltaka det er søkt om har vore gjennom ei fagleg vurdering, som mellom anna har sett på risiko, betyding for trafikktryggleiken og kost/nytte. Fleire gode tiltak har ikkje nådd opp i avdelingsdirektøren sitt forslag til vedtak. Tiltaka i forslaget rettar seg i hovudsak mot mjuke trafikantar og utforkøyringsulykker. Totalt vert det lagt framlegg om at 28 søknadar får tilskot. Søknadane kjem frå totalt 18 ulike kommunar. Tildelingssummen er frå 20 000 til 1 000 000 kr.

Til samanlikning var det i 2023 69 søknadar frå 29 kommunar, med ein søknadssum på om lag 29 mill. kr, og med ei ramme på 9,3 mill. kr.

I 2022 var det 71 søknadar frå 27 kommunar, med ein søknadssum på om lag 29 mill. kr, og med ei ramme på 15,2 mill. kr.

Vedlegg: Tilskot fysiske ts-tiltak for 2024_nøkkelinformasjon

Dina Lefdal
avdelingsdirektør
INV – Infrastruktur og veg

John Martin Jacobsen
seksjonssjef
INV - Vegforvaltning

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Tilskot fysiske ts-tiltak for 2024_nøkkelinformasjon

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har tre tilskotsordningar til trafikktrygging som er tildelt gjennom FTU sitt budsjett. Trafikktryggingsutvalet (FTU) gjer vedtak om fordeling av tilskotsmidlar frå ordningane. Dei tre tilskotsordningane har kvar sine retningsliner.

Om tilskotsordninga

Tilskotsordninga har som mål å styrka trafikktryggleiken på og langs veg i kommunane. Det er kommunane som har høve til å søka om tilskot, og dei kan søka om støtte til tiltak på både kommunal og fylkeskommunal veg. Kommunane sit på viktig kunnskap om dei lokale utfordringane, ikkje minst når dei jobbar aktivt med trafikktrygging og har oppdaterte trafikksikringsplanar. Hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) gjorde den 17. januar 2024 (PS 4/2024) vedtak om at det i FTU-budsjettet for 2024 skulle setjast av 8,515 mill. kr til denne tilskotsordninga.

Ved utlysinga av tilskotsordninga etter fylkestinget i desember 2023 vart den venta ramma for tilskotsordninga lagt til grunn (8,515 mill. kr). Ramma skal tillate 8-12 tilsegn om tilskot med maksimal sum. Den øvre grensa for å søkje om tilskot vart difor sett til 1 mill. kr. per tiltak.

Krav i tilskotsordninga

Etter retningslinene er det krav om minimum 50 prosent kommunal eigenandel og krav om at kommunane skal ha oppdatert trafikktryggingsplan for å få tilskot. Om nye kommunar etter samanslåing har gyldige planar frå dei gamle kommunane, kan dei søkje om tiltak forankra i desse planane. For å kvalifisere for tilskot er det eit krav at tiltaka er planavklarte, eller at tiltaka ikkje har behov for planavklaring.

Prioriterte tiltakstypar

Etter retningslinene vert det prioritert tiltak retta mot mjuke trafikantar, særleg barn og eldre, samt tiltak som reduserer risikoen for møte- og utforkøyringsulykker. Gang- og sykkeltilbod som ikkje ligg langs køyreveg kan også få tilskot. Tiltaka som får tilskot skal innehalde enkle og kostnadseffektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafikktryggleiken.

Om søknadane

For 2024-tildelinga vart ordninga lyst ut 20. desember 2023, og søknadsfristen vart sett til 1. februar 2024. Til årets tildeling har det kome inn 65 søknadar med samla søknadssum på om lag 46,4 mill. kr. Søknadssummen er høgare i år samanlikna med føregåande år grunna at nokre kommunar har søkt om tilskot over ramma på 1 mill. kr. Dei samla utgiftene ved tiltaka er om lag 96,6 mill. kr. To kommunar har ikkje oppgitt totale utgifter.

Kort om søknadane:

- 22 av 43 kommunar i Vestland fylke har levert søknad.
- 51 av søknadene gjeld kommunal veg, medan 9 er fylkesvegtiltak. Dei resterande er både kommunal og fylkesveg, eller anna veg som privatveg.

Vedtakskompetanse

Etter siste revidering av Reglement for folkevalde organ og delegering har trafikktryggingsutvalet (FTU) fått vedtaksmynde for fordeling av tilskot frå fylkeskommunen sine tilskotsordningar til trafikktrygging.

Vurderingar og verknader

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Tilskotsordningane for trafikktrygging i Vestland får sine midlar frå FTU-midlane, som er fastsett i budsjettsaka for 2024. Ramme for tilskotsordninga vart fastsett av SAMO 17. januar i budsjettsak for FTU (PS4/2024).

Klima:

Fysiske trafikktryggingstiltak gir viktige bidrag i arbeidet for ei meir klimavenleg reisemiddelfordeling då tryggleik er ein viktig faktor for å få fleire til å ta beina eller sykkelen fatt.

Folkehelse:

Fysiske trafikktryggingstiltak kan bidra positivt til folkehelsa, både ved at dei gir færre skadde og drepne i trafikkulykker, og ved at trygge trafikantar og trafikkmiljø fremjar fysisk aktivitet gjennom gåing og sykling. Tiltaka kan også bidra til betre framkome og tilgjenge.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Fysiske trafikktryggingstiltak støttar opp om mål for klima og miljø, og for lokalsamfunna som ramme for gode kvardagsliv. Tryggleik er ein viktig del av opplevinga av ein stad som attraktiv, og for folk sin mobilitet. Klimavenleg stadutvikling krev trygg ferdsel til og i sentra, til skular og fritidsaktivitetar og til kollektivtransporten.

Om vurderinga av søknadane

Alle tiltak har vore vurderte fagleg etter risiko ved dagens situasjon og kva betydning tiltaka vil ha for å redusera denne risikoen. I ei risikovurdering ser ein på kor sannsynleg det er at noko kan skje, og kva konsekvensar det vil ha om ei ulykke inntreffer. Ved mange punkt og strekningar på vegnettet kan ei ulykke medføre alvorleg skade eller død. Likevel er det vanskeleg å seie i kor stor grad det er truleg at ei slik hending skjer. Risikoen vert då lågare, sjølv om konsekvensen vil vera høg. Mange stader som vert opplevd som utrygge kan såleis verta vurderte å ha låg risiko. Trafikkmengd, type trafikk, fartshøg, ulike stadlege tilhøve m.m., er viktige faktorar i ei risikovurdering.

Vidare vert det gjort ei kost-/nyttevurdering av tiltaka, for å sikra at pengane kjem best mogleg til nytte. Det er og sett på plankvalitet, kostnadsestimat og andre faktorar som kan skape usikkerheit for at tiltaka vert gjennomførte som planlagt.

Det er stilt krav i tilskotsordninga om kommunal medfinansiering (minimum 50 prosent av totalkostnad). Alle søknadane som vert innstilt med ei tildeling innfrir kravet om eigenandel. Vidare er det stilt krav om oppdatert kommunal trafikktryggingssplan (ts-plan). Nye kommunar kan søka om tiltak forankra i planar frå dei gamle kommunane, dersom planane framleis er gyldige. Dette kravet vert stilt fordi fylkeskommunen ønskjer å gje kommunane eit insentiv for å prioritera utarbeiding av trafikksikringsplanar. Gode trafikksikringsplanar er eit viktig grunnlag for eit godt lokalt trafikksikringsarbeid. Intensjonen med kravet er ikkje å straffa kommunar som berre i eit kortare tidsrom er utan gyldig plan, og som er i ein aktiv prosess med å få rullert planen sin. Alle søkjarkommunane som ikkje har gyldig plan er i prosess med å få på plass ein ny trafikksikringsplan. Tiltaka dei har søkt om vert difor vurdert på lik line med tiltaka frå dei andre søkjarkommunane.

Avdelingsdirektøren sine kommentarar

Pågangen til tilskotsordninga 2024 har vore stor. Av søknadane går det fram at kommunane i størst grad søker om tilskot på eige vegnett. Alle kommunane som har søkt har ei oppdatert trafikktryggingssplan, eller er i prosess med rullert/ny plan. Dette er eit positivt teikn. Samstundes er det mange kommunar som ikkje har søkt på ordninga. For trafikktryggingssarbeidet i Vestland er det særskilt viktig at kommunane prioriterer arbeidet med trafikktryggingssplanar. Det er naudsynt for å gi arbeidet rette forankringa og drivet. Skal me lykkast i måla om reduksjonar i tala drepne og hardt skadde i vegtrafikken må me ha kommunane med på laget.

Det er søkt om mange gode tiltak i 2024, og prioriteringa av kva søknader som får tilskot har vore krevjande. Søknadssummen er av ein betydeleg storleik samanlikna med tildelingssummen vi har tilgjengeleg for i år. Ein stor del av vurderinga av søknadane heng saman med vurderinga av ulykkesrisikoen i dei einskilde tilfella. Vurderinga er gjerne at i den noverande situasjonen så er tiltaket vurdert å innebere lågare ulykkesrisiko enn for tiltaka som det vert lagt fram forslag om å tildele tilskot til. Nokre av tiltaka er vurdert til å vera av, relativt sett, lågare betydning for trafikktryggleiken, samanlikna med dei tiltaka som det vert lagt framlegg om. Nokre søknadar omhandlar tiltak som i større grad gjeld å sikra framkome, framfor tryggleik. Tiltaka kan vere gode i seg sjølv, men ha mindre relevans for sjølve tryggleiken. I slike vurderingar så går andre tiltak

framom, i og med at denne ordninga er eit av fleire verkemiddel for å få ned talet på drepne og hardt skadde i Vestland.

Grunna mange gode søknadar har vi i vurderinga lagt vekt på tiltak som er forankra i trafikktryggingplanane til kommunane.

Avdelingsdirektøren sitt forslag til tildeling av tilskotsmidlar kan dei sjå av tabellen under. Kvant tiltak er kort kommentert. Kommentara er med nokre unntak relativt generelle. Nokre av tiltaka som det vert innstilt på å tildele til vert her ytterlegere kommentert:

Kvinnherad kommune søker om tilskot til «Belysning på overgang på gang og sykkelveg ved Rosendal bru» (tiltak 26). Fylkeskommunen ønskjer god dialog med kommunen i samband med oppsettinga av veglys ettersom dei truleg må kople seg på anlegget til fylkeskommunen. Tilskot blir gitt med atterhald om at kommunen må involvere fylkeskommunen under planlegginga av tiltaket.

Luster kommune søker om tilskot til «Oppsetting av nytt veglys på kommunal veg til Kjos på Hafslø» (tiltak 30). I samband med framtidig oppgradering til LED på fv. 55 i området ønskjer fylkeskommunen å stille nokre krav til utføringa av tiltaket etter Handbok V124 Teknisk planlegging av veg- og tunellbelysning punkt 3.3 og 4.3.4. Tilskot blir gitt med atterhald om at kommunen må involvere fylkeskommunen under planlegginga av tiltaket.

Voss herad søker om tilskot til «Samanhengande fortau frå fv.559 Hardangervegen til kv. 1094 Brynalii» (tiltak 64). Kommunen søker om 1,1 mill. kr., som overgår tilskotsgrensa på 1 mill. kr. Tildelingssummen er justert ned til 1 mill. kr.

Nr.	Kommune	Tiltak	Søknadssum	Total kostnad	Kommentar	Forslag tildeling
1	Askøy	Rekkverk, Skjelvikvegen, kv.	330 000	660 000	Godt tiltak. Skuleveg. Utforkøyringsulykker.	330 000
2	Askøy	Hjartesone, Træet skule.	125 000	250 000	Godt tiltak. Skule. Mjuka trafikantar.	125 000
3	Austrheim	G/S-veg, Mastrevik-Kanserdalen, fv. 565.	6 500 000	ikkje oppgitt.	For høg søknadssum. Ikkje prioritert.	
4	Austrheim	Rundkøyring, Leirvågkrysset, fv.57 og fv.565.	14 000 000	20 103 461	For høg søknadssum. Ikkje prioritert.	
5	Austrheim	Fortau og veglys, Førland, fv. 5502	1 000 000	3 925 000	Godt tiltak. Mjuka trafikantar. Høg måloppnåing grunna utarbeiding av eit VA-anlegg.	1 000 000
6	Bjørnafjorden	Skilt og forsterka belysning, Idrettsvegen, kv.	150 000	300 000	Godt tiltak. Mange mjuka trafikantar. Skule/idrettsanlegg.	150 000
7	Bjørnafjorden	Veglys langs snarveg, Eikelandsosen barneskule, kv.	50 000	100 000	Meir eit framkomsttiltak enn eit trafikksikringstiltak. Ikkje prioritert.	
8	Bjørnafjorden	Gangfelt og skilt, Stallabrotvegen og Brakabygda, kv.	20 000	40 000	Godt tiltak. Mange mjuka trafikantar. Skule/idrettsanlegg.	20 000
9	Bjørnafjorden	Veglys, Industrivegen, kv.	175 000	350 000	Godt tiltak. Skule/idrettsanlegg. Når ikkje opp i prioriteringa.	
10	Bjørnafjorden	Voll i rabatt, Industrivegen, kv.	350 000	700 000	Greitt tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
11	Bremanger	G/S-veg, Grotlevegen, fv. 5706	240 000	480 000	Godt tiltak. Søknad trekt grunna tildeling frå SVV si	

Nr.	Kommune	Tiltak	Søknadssum	Total kostnad	Kommentar	Forslag tildeling
					tilskotsordning «Tilskot til trafikksikre skuleveggar og nærmiljø».	
12	Bremanger	Snarveg Langeneset.	150 000	300 000	Godt tiltak. Mjuke trafikantar.	150 000
13	Bømlo	Veglys, Svortland, fv. 542	200 000	400 000	Godt tiltak. Mjuke trafikantar.	200 000
14	Gloppen	Veglys, Byrkjelo – Øvreset, fv. 60	164 000	328 000	Greitt tiltak. Mjuke trafikantar. Når ikkje opp i prioriteringa.	
15	Gloppen	Veglys, Moavegen, kv.	150 000	300 000	Godt tiltak. Skuleveg.	150 000
16	Gloppen	Veglys, Vereide, kv.	40 000	80 000	Godt tiltak. Skuleveg og nærleik til barnehage.	40 000
17	Gulen	G/S-veg Byrknes, kv.	646 900	1 293 800	Godt tiltak. Skuleveg og nærleik til barnehage.	646 900
18	Gulen	G/S-veg Eivindvik, kv.	611 925	1 223 850	Greitt tiltak. Smal veg og bratt skråning. Usikker på om tiltaket let seg gjennomføre. Ikkje prioritert.	
19	Kinn	Fortau og belysning, Holvik, kv.	150 000	Ikkje oppgitt.	Ikkje forankra i ts-plan. Ikkje prioritert.	
20	Kinn	Rekkverk, Klauvane, kv.	161 000	322 000	Godt tiltak. Tiltak mot utforkøyringsulykker.	161 000
21	Kinn	Rekkverk Standalsvegen, kv.	290 000	580 000	Godt tiltak. Tiltak mot utforkøyringsulykker.	290 000
22	Kvam	G/S-veg, Pensjonisten - Ålvik.	1 000 000	2 800 000	Godt tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
23	Kvinnherad	Belysning, Rosendal v/Rådhuset, kv.	60 000	120 000	Områdeplan er i gang. Når ikkje opp i prioriteringa.	
24	Kvinnherad	Rekkverk, Sjoarsvegen, kv.	420 000	840 000	Ikkje forankra i ts-plan. Krev avklaring med kultur i høve til stabbesteinar. Ikkje prioritert.	
25	Kvinnherad	Gangfelt og snuplass, Rosendal, kv.	450 000	900 000	Områdeplan er i gang. Når ikkje opp i prioritert.	
26	Kvinnherad	Belysning overgang G/S-veg, Rosendal bru, kv.	50 000	100 000	Godt tiltak. Trafikkert gangfelt i sentrum. Tilskot blir gitt med atterhald om at kommunen må involvere fylkeskommunen under planlegginga av tiltaket.	50 000
27	Kvinnherad	Belysning kryssingspunkt, Opsangervegen, kv.	120 000	240 000	Greitt tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
28	Kvinnherad	Veglys, Mjelkeviksvegen, kv.	107 500	215 000	Ikkje forankra i ts-plan. Ikkje prioritert.	
29	Kvinnherad	Veglys og markering av parkering, Øyatun skule.	100 000	200 000	Ikkje forankra i ts-plan. Ikkje prioritert.	

Nr.	Kommune	Tiltak	Søknadssum	Total kostnad	Kommentar	Forslag tildeling
30	Luster	Veglys, Kjos, kv.	530 000	1 061 156	Godt tiltak. Vegen er i dag ikkje belyst. Tur-, gang- og skuleveg. Tilskot blir gitt med atterhald om at kommunen må involvere fylkeskommunen under planlegginga av tiltaket.	530 000
31	Luster	Rekkverk, Engjadalsvegen, kv.	110 000	221 327	Greitt tiltak. Mjuke trafikantar og utforkøyringsulykker. Når ikkje opp i prioriteringa.	
32	Lærdal	Fortau og snuplass, fleire punkt langs strekning, kv.	3 000 000	6 000 000	Fire tiltak i ein søknad. For høg søknadssum. Ikkje prioritert.	
33	Masfjorden	Støypekant, Indre Haugsdal, kv.	404 750	809 500	Godt tiltak. Lav kantstein i dag. Bratt sideterreng. Skulebuss køyrer her. Når ikkje opp i prioriteringa.	
34	Masfjorden	Støypekant, Vågset, kv.	320 500	641 125	Godt tiltak. Lav støypekant i dag. Bratt skråning ned til fjorden. Utforkøyringsulykker.	320 500
35	Osterøy	Rekkverk, Åsgardane, kv.	544 962	1 089 925	Godt tiltak. Skuleveg. Utforkøyringsulykker.	544 962
36	Sogndal	Hjartesone, Norane oppvekstsenter, kv.	400 000	800 000	Godt tiltak. Mjuke trafikantar.	400 000
37	Sogndal	Fartshumpar Trolladalen og Gjertrudbakken, kv.	250 000	500 000	Greitt tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
38	Sogndal	Gangsti og fotgjengarfelt, Trolladalen og Dalavegen, kv.	250 000	500 000	Godt tiltak. Mjuke trafikantar.	250 000
39	Sogndal	Intensivbelysning fotgjengarfelt, Leighgota og Leitevegen, kv.	150 000	300 000	Greitt tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
40	Sogndal	Stenge veg, Kaupanger skule, kv.	150 000	300 000	Godt tiltak. Mjuke trafikantar. Når ikkje opp i prioriteringa.	
41	Stad	Rekkverk, Hunvikvegen, kv.	190 000	381 500	Greitt tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa	
42	Stad	Rekkverk, Ervikvegen, kv.	300 000	624 600	Godt tiltak. Smal veg. Er ikkje rekkverk i dag.	300 000
43	Stad	Rekkverk, Humborstad, kv.	180 000	365 250	Greitt tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
44	Stad	Rekkverk, Tungevåg, kv.	215 000	438 750	Godt tiltak. Utforkøyringsulykker. Når ikkje opp i prioriteringa.	
45	Stad	Rekkverk, Rindevegen, kv.	75 000	150 000	Godt tiltak. Utforkøyringsulykker.	75 000
46	Stad	Rekkverk, Hennevegen, kv.	75 000	150 000	Godt tiltak. Utforkøyringsulykker.	75 000

Nr.	Kommune	Tiltak	Søknadssum	Total kostnad	Kommentar	Forslag tildeling
47	Stad	Rekkverk, Heggedalsvegen, kv.	98 000	196 500	Godt tiltak. Bratt terreng. Behov for rekkverk. Utforkøyringar.	98 000
48	Sunnfjord	Fortau med veglys og universell utforma kryssingar, Kyrkjevegen, kv.	1 000 000	12 800 000	Godt tiltak. Skuleveg. Når ikkje opp i prioriteringa.	
49	Sunnfjord	Rekkverk, Orkjavegen, kv.	600 000	1 200 000	Godt tiltak. Bratt terreng. Dagens rekkverk har behov for utskifting.	600 000
50	Sveio	Veglys, Rossehaug – Nordskog, kv.	600 000	1 200 000	Greitt tiltak. Smal veg. Meir et framkomsttiltak enn eit trafikksikringstiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
51	Tysnes	G/S-veg Dalland Industriområde, fv.	1 000 000	5 000 000	Greitt tiltak. Område regulert primært til industri. Ikkje knytt til bustadfelt. Når ikkje opp i prioriteringa.	
52	Tysnes	G/S-veg Kattaland, fv.	1 000 000	5 000 000	Greitt tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
53	Tysnes	Fortau, Hagareset, kv.	1 000 000	4 500 000	Greitt tiltak. Eksisterer ein snarveg i dag. Når ikkje opp i prioriteringa.	
54	Tysnes	Veglys Hagareset, kv.	700 000	1 500 000	Greitt tiltak. Når ikkje opp i prioriteringa.	
55	Tysnes	Fortau, fv.	1 000 000	3 000 000	Godt tiltak. Mjuka trafikantar. Når ikkje opp i prioriteringa.	
56	Tysnes	Gangveg, Heningen, kv.	1 000 000	3 000 000	Greitt tiltak. Mjuka trafikantar. Når ikkje opp i prioriteringa.	
57	Ullensvang	Rekkverk, Hordatunvegen, kv.	150 000	300 000	Godt tiltak. Krapp kurve. Utforkøyringsulykker.	150 000
58	Ullensvang	Rekkverk, Røldal, kv.	99 000	198 000	Godt tiltak. Utforkøyringsulykker. Friområde for barn. Tidvis stor trafikk.	99 000
59	Ullensvang	Rekkverk, Brattespevegen, kv.	60 000	120 000	Godt tiltak. Utforkøyringsulykker.	60 000
60	Ullensvang	G/S-veg Smeteverket, kv.	367 200	734 400	Ikkje forankra i ts-plan. Ikkje prioritert.	
61	Vaksdal	Veglys, Stamnesvegen og Straume, kv.	700 000	1 400 000	Godt tiltak. Lys ned mot kollektivplassar. Mjuka trafikantar.	700 000
62	Vaksdal	Port til skuleområde, Vaksdal skule	28 000	56 000	Greitt tiltak. Avbøtande tiltak. Skuleområde. Når ikkje opp i prioriteringa.	
63	Vaksdal	Skilt og fartshumpar, Stavenesvegen, kv.	70 000	140 000	Greitt tiltak. Blindveg. Vanskeleg å vurdere måloppnåing. Når ikkje opp i prioriteringa.	

Nr.	Kommune	Tiltak	Søknadssum	Total kostnad	Kommentar	Forslag tildeling
64	Voss herad	Fortau, fv. 559 Hardangervegen – Brynalii, kv.	1 100 000	2 200 000	Godt tiltak. Mange mjuke trafikantar. Søknadssum justert ned til 1 000 000.	1 000 000
65	Voss herad	Oppgradering av GS-veg, Røystrandvegen, kv.	1 000 000	2 570 000	Godt tiltak. Mjuke trafikantar. Når ikkje opp i prioriteringa.	

Konklusjon

Avdelingsdirektøren rår til at trafikktryggingsutvalet (FTU) vedtek tildelinga av tilskot i tråd med saksutgreiinga.